



Flotte rocketroll vert det nok også i år. Slik vart dei i fjor.

**Barne- og ungdomstilbodet FestidaGen har vorte ein knallsuksess etter at det vart introdusert under Festidalen i 2013. Populariteten har berre auka år for år, og stadig fleire har hatt stor glede av å delta, og årets program er svært allsidig og spennande. Arbeidagruppa har ei imponerende evne til fornying i tilbodet.**

FestidaGen-aktivitetane føregår frå torsdag 04.august til laurdag 06.august, og ein må melde seg på på førehand. Ein kan melde seg på fleire stasjonar (obs! der det er ei gruppe går den over fleire dagar!) Her er det «første mann til mølla» som gjeld, så ikkje nøl med å melde deg på allereie no.

**Påmeldingsfrist: 20. juli. Du får tilbakemelding i løpet av ei veke. De melder dåke på via [Festidalen si heimeside her](#).**

Her følgjer tilbodet:

### **Cosplay**

Har du drøymt om å vere ein spillhelt eller ein teikneseriefigur? Då er cosplay noko for deg! Cosplay er satt saman av orda costume og play som tyder drakt og leik. På denne gruppa får du hjelp av cosplaykjendis Mia Maki til å forvandle deg til din favorittkarakter. Fint om du tenkjer litt på karaktervalg på førehand. Under festidaGenshowet på laurdag får ein vise fram karakteren sin (om ein vil).

Leiar: Mia Maki

Alder: 8-13 år, 1 gruppe, maks 10stk.

Stad: Uskedalen Skule

Tid: Tors kl 15-19 og Fre kl 11-15 (Lunsj inkl.)

Pris: 200kr (gratis for 13-18år med dagspass)

### **Breakdance/hiphop med ABSENCE crew**

I år kjem sjølvaste Absence crew til til FestidaGen, her kan du bli med å danse saman med noregsmeistarane i breaking og vinnerane av «Mitt Dansecrew 2015». Så er du glad i å danse, breake og gjere kule triks- ikkje nøl med å melde deg på!

Under festidaGenshowet på laurdag får ein vise fram det ein har lært på workshopen.

Leiar: Absence Crew

Alder: 9-12år og 13-18år, maks 12stk pr gruppe.

Stad: Helgheim oppe

Tid: Laurdag kl.09.00-10.30 (9-12år) og kl.10.30-12.00 (13-18år)

Pris: 100kr (gratis for13-18år med dagpass)

### **Design av spel**

«På spilldesign vil du få bruk for alt du set inne med av kreativitet og ville idear ... Spillinja er for deg som elsker video og dataspill» står det på reklamen for linja ved Sunnhordland Folkehøgskule. To elevar ved denne linja kjem til FestidaGen og skal ha eit kurs i spilldesign. Dei tar for seg design av analoge spel (brettspel, kortspel, ballspel osv) på torsdagen og lager dataspel på fredagen. Hvis du er glad i spel er dette opplegget for deg!

Ta med eigen bærbar pc.

Leiar: 2 elevar frå Sunnhordland Folkehøgskule

Alder: 13-18år, ei gruppe, maks 15stk.

Stad: Uskedalen Skule

Tid: Torsdag kl.15-19 og Fredag kl.13-17 (inkl. lunsj)

Pris: 200kr (gratis for13-18år med dagpass)

### **Bygg sjølv**

Drøymer du om å byggje din eigen leikebåt/trebåt er dette gruppa for deg.

Her får du bruke hammer, lim, maling og masse hobbyutstyr for å lage og dekorera din eigen trebåt. Spanande om den flyt og kanskje vil den lyse i mørket?

Her kan du få utfolde deg og dine kreative sider til å lage ein unik trebåt.

Hugs å ha på klede som tåler å få maling/lim på om det skulle forekoma.

Leiar: Atle Holm og Anita Osmundsen

Alder: 5år-7år 4grupper, maks 5 pr gruppe (du får tildelt gruppetid etter påmelding)

Stad: Stemneplassen (ved sida av bedehuset)

Tid: Torsdag kl.14-15.30 og 16-17.30 Fredag kl.11-12.30 og 14-15.30

Pris: 100kr (gratis for13-18år med dagpass)



Festauranten vert det også i år.

### **Festauranten**

Elin elsker å spre matglede og gode matopplevingar. Og no er det du som kan få glede av dette. På denne gruppa får du lære deg å lage eit 3 rettars festmåltid; forret, hovedrett og dessert. Kvar dag blir avslutta med at deltakarane får invitere med seg seniorar som får seg ei gastronomisk oppleving til ein billeg penge (200,-).

Leiar: Elin Enes

Alder: 12-18år, 1 gruppe, maks 12stk pr gruppe.

Stad: Helgheim kjellaren

Tid: Tors kl.13-18

Pris: 200kr (gratis for13-18år med dagpass)

### **Nysirkus**

Drøyer du om å bli sirkusartist? Dyktige Nyirkus Pilar frå Oslo kjem til festidaGen for å gje deg eit levande og morsamt kurs. Trening på sirkusteknikker gjev deg betre koordinasjon, kroppskontroll, refleks og balanse. Nysirkus Pilar trollbind liten og stor med si avanserte sjonglering, halsbrekkande akrobatikk, spektakulære flammeshow, morsame klovneførestillingar og høge menn. Det vil bli gitt undervisning i: Akrobatikk, Line, Luftakrobatikk, Sjonglering og Stylder.

Under festidaGenshowet på laurdag får ein vise fram det ein har lært på workshopen.

Leiar: Nysirkus Pilar

Alder: 9-12år og 13-18år, maks 15stk pr gruppe.

Stad: Hallen (aktivitetshuset)

Tid: Torsdag kl.14-16 (9-12år) og kl. 17-19 (13-18år)

Fredag kl.9-11 (9-12år) og kl.13-15 (13-18år)

Pris: 200kr (gratis for13-18år med dagpass)

### **Rocketroll**

Rock`n roll fiskeboll..... Bli med å lage kule rocketroll saman med andre rockekidz. Du bestemmer sjølv om det skal vere eit skummelt, venleg, tullete, sint eller gladtroll. Trolle digger rockemusikk og festidalen og dei vil vere til pynt for alle som skal opp på festidalenjordet denne helga. OH YEAH!!

Leiar: Benthe Thomsen

Alder: 5år-7år 4grupper, maks 5 pr gruppe (du får tildelt gruppetid etter påmelding)

Stad: Stemneplassen (ved sida av bedehuset)

Tid: Torsdag kl.14-15.30 og 16-17.30 Fredag kl.11-12.30 og 14-15.30

Pris: 100kr (gratis for13-18år med dagpass)

### **Teikneseriekurs**

Har du lyst å lære å lage teikneserier? Eller forbetre dine teikneevner? Då er det berre til å spisse blyanten og melde deg på denne workshopen. Instruktør er illustratøren Espen Terjesen.

Leiar: Espen Terjesen

Alder: 8 – 12 år og 13-18år, maks 15stk pr gruppe

Stad: Uskedalen Skule

Tid: Torsdag kl.15-18 (8-12år) og Fredag kl.11-14 (13-18år)

Pris: 200kr (gratis for13-18år med dagpass)

### **Redesign**

Dette er gruppa for deg som er kreativ og iderikt, som likar mote og klede. Redesign er trendy og ein sparer miljø og pengar. På denne workshopen lærer du deg å sy nye designplagg av gamle klede. Det handler om å sjå moglegheiten i det ein har. Du må ha jobba litt med symaskinar frå før, men vil få god hjelp frå kyndige instruktører. Under festidaGenshowet på laurdag får ein vise fram plagga i eit lite moteshow (om ein vil).

Leiar: Mildrid Myhre m.fl.

Alder: 11-18år 1gruppe, Maks 8stk

Stad: Uskedalen skule

Tid: Torsdag kl.15-19 og Fredag kl. 11-15 (Lunsj inkl.)

Pris: 200kr (gratis for13-18år med dagpass)



Parkour vert det også.

### Parkour

I denne populære rørsleidretten har ein som mål å kome seg frå A til Å på den mest effektive måten utan hindringar og kun ved hjelp av eigen kropp. Det handler om å konkurrere med seg sjølv og ingen andre. Den grensa du har, skal du bryte for å bli enda betre i det du driv med. Sjekk ut parkour på youtube.

Leiar: Gareth Whittaker

Alder: 10-12år og 13-18år , maks 10stk pr gruppe

Stad: Hallen (tors) Helgheim oppe (fredag)

Tid: Tors kl. 10-11 (10-12år) kl.11.30-14 (13-18år)

Fre kl. 11-12 (10-12år) kl.12.30-15 (13-18år)

Pris: 200kr (gratis for13-18år med dagpass)

### Småstjerner

Dette er konkurransen for deg mellom 0-12år som likar å stå på scena og syngje fengande songar, anten det er playback eller live. Ta gjerne med deg ein venn eller fleire og opptre saman. Det blir flotte premiar til alle, og særskild til vinnarane. Meld deg på via påmeldingsskjemaet på [www.festidalen.no](http://www.festidalen.no)

Alder: 0-12år (om du er fødd i 2003 er du for gamal)

Stad: Aktivitetshuset/hallen

Tid: laurdag kl.14 (møt opp kl.12.30 for øving)



[Småstjerner er eit populært innslag på FestidaGen-showet laurdag.](#)

Tekst: Festidalen og Thor Inge Døssland

Foto: Festidalen, Thor Inge Døssland og Leif Arne Døssland

Nett: Thor Inge Døssland